



Arkivsaknr: 2025/5405-16
Sakshandsamar: Heidi Ann Lovgren Lindhagen
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Alver kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Utval for levekår	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Kommunestyret vedtar forskrift om skulereglar for dei kommunale grunnskulane slik den ligg føre.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd

Saka skal til innstilling til utval for levekår

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Framlegg til lokal forskrift om skulereglar for dei offentlege grunnskulane i Alver kommune.

Opplæringslova § 10-7 pålegg kommunen å vedta skulereglar for den einskilde skule.

Skulereglane kan vere felles for alle skulane.

Skulereglane skal publiserast som forskrift på Lovdata.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Framlegg til lokal forskrift om skulereglar vart sendt på offentlig høyring i Alver kommune. I arbeidsprosessen vart det bede om innspel frå elevråda ved den einskilde skule.

I høyringa ber ein særskilt om innspel på følgjande:

- Bruk av merknad som sanksjonsmiddel
- Til § 10: reglar for bruk av digitale kommunikasjonsmiddel
- Til § 11: konsekvensar ved brot på reglementet
- Til § 13: framgangsmåte ved vedtak om tiltak
- Til § 17: organisering av samarbeidsorgan. Ber om at dette vert sett i samanheng med §§ 18–21

Ein har i høyringsrunden generelt bede om innspel på korleis ein best mogleg kan ivareta elevane sin rett til medverknad i eigen skulekvardag.

Det har til saman kome inn 13 høyringssvar, fordelt på skular, FAU, SU, elevråd, arbeidstakarorganisasjonar, politiske parti og privatpersonar.

Sakshistorikk

Alver kommune har hatt Forskrift om ordensreglement for grunnskulane i Alver kommune, vedtatt 31.08.2021, og Forskrift om ordensreglement for skulefritidsordninga og leksehjelpordninga i Alver kommune, sist endra 20.04.2023.

Kvar enkelt skule har hatt lokale skulereglar etter opplæringslova gjeldande frå 01.08.2024.

Desse skulereglane har vore tilgjengelege i Kvalitetssystemet og publisert ut til føresette og elevar.

Innspela og vurderingane frå elevråda var lagt til i framlegget under aktuelle paragrafar i høyringa og er tekne med i den endelege vurderingsprosessen.

Behov

Vurderingsgrunnlag

- Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa av 09.06.2023
- Høyringsbrev – framlegg til lokal forskrift om skulereglar for dei offentlege grunnskulane i Alver kommune
- Framlegg til lokal forskrift om skulereglar for dei offentlege grunnskulane i Alver kommune

Partar

- Dei kommunale skulane i Alver kommune
- Rådsorgana ved dei kommunale grunnskolane i Alver kommune
- Kommunalt foreldreutval i Alver kommune
- Ungdomsrådet i Alver kommune
- Arbeidstakarorganisasjonane

Vurdering

I høyringa ber ein om innspel på særskilte paragrafer. Innspela som er kome inn frå høyringsinstansane på disse paragrafane blir her presentert før kommunedirektøren sine vurderingar. Det er ikkje motteke innspel til høyringa etter høyringsfristen.

Bruk av merknad som sanksjonsmiddel

Elevråd/trinn

Ønsker å behalde bruk av merknad som sanksjonsmiddel. Ønsker lik praksis i kommunen.

Alver ungdomsråd

Merknad berre aktuelt i ungdomskulen. Merknad har ein god funksjon, men dei som får mange bryr seg etter kvart mindre. Bør kanskje andre tiltak til for å snu åtferd? Frustrerende med ulik praksis og handheving blant tilsette, relasjon spelar av og til inn. Det må vera tydelege grenser for når merknad blir gjeve. Munnleg varsel før merknad. Viktig at føresette blir varsla ved merknad.

FAU/SU

Stiller fråsegn om merknadar i det heile er eit hensiktsmessig "pedagogisk" verktøy. Merknad vert opplevd som ein noko utdatert måte å handtere regelbrot på. Kjem ein lenger med å dokumentere regelbrot ved å sjå etter mønster, veilede og bygge relasjonar til elevane? Både elev og/eller føresette skal kunne rette opp i skade om det er tenleg. Det er ønske om felles praksis i Alverskulen. Erfaringar er at eit slikt system vert litt opp til kvar enkelt vaksen på skulen. Mange elevar har opplevd å få svært mange merknadar.

§ 10: Reglar for bruk av digitale kommunikasjonsmiddel

Elevråd og elevar

Smartklokkar bør kunne brukast med funksjonar slått av. Private kommunikasjonsmiddel skal ikkje nyttast i skuletida utan avtale med lærar. Det er greitt å samle inn mobilar, då det er vanskeleg å ha kontroll på alle «duppedingsar» som elevane har tilgang på. Nokre meiner mobilar og anna kommunikasjonsmiddel burde vera forbodne.

Alver ungdomsråd

Alle ungdomskular bør ha mobilhotell, gir best oppbevaring. Elevar på barnetrinnet kan ha mobilen avslått i sekken.

FAU/SU

Ingen elevar har behov for telefon eller smartklokke i skuletida, med mindre det er gjort særskilte unntak eller tiltak. Det gjeld også når funksjonane er slått av. Ønske om mobilhotell også for 1.-4. trinn

Skular

Ingen elevar har behov for telefon eller smartklokke i skuletida, med mindre det er gjort særskilte unntak eller tiltak. Det gjeld også når funksjonane er slått av. Elevane skal levere inn mobil og smartklokker, og skal ikkje vere tilgjengelege i skuletida

§ 11: Konsekvensar ved brot på reglementet

Elevråd og elevar

Lærarane må bli meir konsekvente og strenge, og gje konsekvensar. Skal ikkje vere naudsynt med same varsel fleire gonger på ei uke. Det bør vere lågare terskel for bortvising som verkemiddel, og bør skje raskt etter hendinga. Vi tolererer meir og meir utan konsekvensar.

Alver ungdomsråd

Vaksne må følge § 4 og 13. Eleven må få uttale seg til ein vaksen ho/han stolar på. Elevar bør få ha med ein talsperson = ein eleven er trygg på, i møte med dei som skal ta ei avgjerd. Gjeld særleg dei minste.

FAU/SU

Elevar må få uttale seg jf. § 4 slik som det står. Det bør gå tydeleg fram om dei ulike punkta i § 11 (a, b, c, osv.) er meint som ei trinnvis opptrapping

Skular

Vi må få ein tett dialog med heimen når brot på reglementet har skjedd. Forslag om eit nytt punkt c, om at elev og føresette vert kalla inn til møte med skulen. Elevane våre meiner dette er ein konsekvens som gjer at eleven kjenner på alvoret og at det er ein verknadsfull konsekvens med tanke på å endre åtferd.

Arbeidstakarorganisasjonar

Det bør tydeleggjerast at tilsette i skulen utvida rettar til å gripe inn fysisk mot elevar i situasjonar der andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, t.d. dersom ein elev krenker ein person fysisk eller psykisk, skader eigedom, viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for seg sjølv eller andre, eller dersom eleven vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar. Viktig med tanke på § 13 som lyder: «Skulen kan ikkje gjere bruk av andre sanksjonar enn dei som er omtalt i desse reglane».

§ 13: Framgangsmåte ved vedtak om tiltak

Elevar

Om ein lærar visar bort ein elev, skal eleven forlate skulen sitt område. Å vise bort ein elev for resten av dagen bær skje raskt etter hendinga, og ikkje bruke tid på å hente uttale frå føresette.

FAU

At føresette skal varslast før det blir gjort vedtak om bortvising for resten av dagen må òg gjelde 8.-10.trinn, og elevane på alle trinn må bli henta av ein vaksen

§ 17: Organisering av samarbeidsorgan. Skal sjåast i samanheng med §§ 18–21

Alver ungdomsråd

Skulle gjerne også sett «rutine for elevråd og demokrati» og tilvising til «demokratiprogram for barn og unge». Dette burde vera på plass i kommunen no. Det kan løfte medverknad for barn og unge også i skulen.

FAU/SU

SU og SMU ønskes samla. Det er kunstig at dei er kvar for seg. Kan styrkje samhandling og effektivitet.

Innspel på korleis ein best mogleg kan ivareta elevane sin rett til medverknad i eigen skulekvardag

Alver ungdomsråd

Det er for stor variasjon i kor godt elevråd på skulane fungerer. Det bør setjast av tid til klasseråd i forkant av elevråd til gjennomgang av sakliste og innspel. Skulen bør gjere det enkelt for elevar å melda opp saker til elevrådet, til dømes gjennom ein Team-kanal.

Særleg til § 22 Delegering av myndigheit til skulane

Det bør vurderast felles skulereglar for alle grunnskulane i Alver kommune som også gjeld for skulefritidsordning og leksehjelp. Felles skulereglar erstattar lokale skulereglar for kvar skule. Første avsnitt under § 22 må i så fall takast bort.

FAU

Må alle skulane skal ha ei eiga lokal forskrift?

Det bør vere mest mogeleg like reglar som gjeld felles for alle skulane.

Ulempe: I dag er det ujamt i kva reglar elevane møter, særleg bruk av merknader

Fordel: Styrker lokaldemokratiet ved auka eigarskap og forståing, fremmer medverknad og oppleving av ansvar, reell påverknad

Dagens system gjer at ny FAU ikkje rekk å konstituerast innan 15.09. det er ein utfordring.

Kommunedirektøren sine vurderingar

Kommunedirektøren vurderer at forslag til endring og tillegg i skulereglane i hovudsak har gjort reglane tydelegare. Forståinga av reglane og elevane sin rett til medverknad blir med dette styrka, og det sikrar i større grad lik praksis av handheving på skulane. Dei fleste forslaga er difor tekne inn i framlegget.

Skulereglane har frå før ikkje omtala merknad som sanksjon. Kommunedirektøren kan sjå at bruk av merknad kan ha ein preventiv effekt for ein gruppe elevar. At elevane sjølv ønsker å behalde merknad som sanksjon fortel om behov for tydelege rammer og konsekvensar om rammene brytast. Samstundes opplever elevane at det er ulik bruk av merknad blant tilsette, og at relasjon også kan spele inn. Det er og ein kjennsgjerning at for dei elevane som av ulike grunnar har ein utfordring med åtferd, har merknad liten verknad.

Kommunedirektøren vurderer at ein kjem lenger med å sjå etter mønster, veilede og bygge relasjonar til elevane. Bruk av merknad overfor elevar som har det vanskeleg og som synleggjer det gjennom åtferd er med på å støyte dei bort og blir ein stadfesting om at dei ikkje er likt eller akseptert. Ein tilnærming der ein ser den einskilde elev, inviterer til dialog, prøver å sjå bak åtferda, vil vere til det beste for elevane både på kort og lang sikt. Det blir difor ikkje innstilt til bruk av merknad som sanksjon i skulereglane.

Innspelet til merknad som sanksjon har ikkje ført til noko endring sidan merknad som sanksjon ikkje har vore omtala i skulereglane tidlegare.

Kommunedirektøren er einig i at elevane ikkje treng kommunikasjonsmiddel når dei er på skulen, med unntak i særlege tilfelle. Kommunedirektøren har difor lagt til grunn i sin innstilling at avsnitta om bruk av kommunikasjonsmiddel for 1.-7. trinn og 8.-10. trinn er tatt bort, og er ein vesentleg endring i framlegget.

Endringa i opplæringslova om at tilsette i skulen kan gripe inn fysisk mot elevar i situasjonar der andre tiltak ikkje er tilstrekkelege er viktig å tydeleggjere, både for elevar, føresette og tilsette. Kommunedirektøren vurderer at det er ein viktig presisering å ta inn i skulereglane, og er ein vesentleg endring i framlegget.

Kommunedirektøren finner det ikkje naudsynt å ha ein strengare regulering av korleis ein organiserer samarbeidsorgana. Det kan vere ulike behov for organiseringa i skulane. Kommunedirektøren innstiller i skulereglane at dette kan organiserast ut frå behovet til den einskilde skule. Innspelet har ikkje ført til ein endring i framlegget.

Proessen med å lage lokale skulereglar er ein god arena for elevane og føresette sin medverknad. Samstundes tek fleire av høyringsinstansane til orde for lik praksis i skulane. Felles skulereglar vil etter kommunedirektørens vurdering bidra til dette. Det står og fritt til klassane å lage egne klassereglar. Forskjellen på skulereglar og klassereglar er at skulereglar er overordna reglar som gjelder for alle grunnskulane i kommunen, medan klassereglar er reglar som elevane i den einskilde klasse har blitt einige om skal gjelde akkurat deira klasse og som er tilpassa deira behov for å kunne fungere saman. Sjølv om det ikkje er lovpålagt at kvar klasse skal lage klassereglar er det i dei aller fleste tilfelle naudsynt for samhandling i ein klasse at dei vart laga. I prosessen med å lage klassereglar får elevane høve til å praktisere medverknad både i prosessen med å lage klassereglane og i handhevinga av dei. Klassereglar vil og vere meir konkrete inn mot elevane sin kvardag. Kommunedirektøren vurderer at å legge til rette for så lik praksis som mogleg på skulane veg tyngre enn å få medverke til lokale skulereglar som i hovudsak vil vere svært lik skulereglane for grunnskulane i kommunen.

Innspelet har ført til ein vesentleg endring av framlegget.

Økonomiske konsekvensar

Vedtaket får ingen økonomiske konsekvensar

Miljømessige konsekvensar

Vedtaket får ingen miljømessige konsekvensar

Organisasjonsmessige konsekvensar

Vedtaket får ingen organisasjonsmessige konsekvensar

Risiko

Vi vurderer at vedtaket ikkje medfører nokon risiko for dei kommunale grunnskulane i Alver kommune.

Vurdering av særskilte grupper

Vedtaket får ingen konsekvensar for særskilte grupper

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår godkjenning og vedtak av Forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Alver kommune slik dei ligg føre.

Vedlegg

- 1 Forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Alver kommune
- 2 Hordabø FAU - Framlegg til lokal forskrift om skulereglar for dei offentlege skulane i Alver kommune - uttale frå FAU Hordabø.pdf
- 3 Helge Kleiven - Høyring – framlegg til lokal forskrift om skulereglar
- 4 Elevrådet Radøy u.skole - Uttale til høyring - framlegg til lokal forskrift om skulereglar
- 5 FAU Radøy ungdomsskule - Høyringsinnspel frå .pdf
- 6 SU og SMU Sæbø skule - Høyringsuttale – framlegg til lokal forskrift om skulereglar
- 7 FAU ved Ostereidet barneskule - Uttale lokal forskrift om skulereglar.pdf
- 8 Alver ungdomsråd - Høyring - framlegg til lokal forskrift om skulereglar.pdf
- 9 Lindås u.skule - Uttale - Høyring – framlegg til lokal forskrift om skulereglar
- 10 Ostereidet skule - Uttale -framlegg til lokal forskrift om skulereglar.docx
- 11 Vestbygd skule - Arbeid med Alverskulen sine skulereglar.pdf
- 12 SU og SMU Eikanger skule - Høyringsuttale.pdf
- 13 Leiknes skule - Høyring – framlegg til lokal forskrift om skulereglar.docx

- 14 Utdanningsforbundet Meland ungdomsskule - høyringssvar - framlegg til lokal forskrift om skulereglar i Alver kommune.docx
- 15 Raudt- Høyringsinnspel til lokal forskrift om skulereglar.docx
- 16 Oppsummering - Høyring skulereglar